



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

FYLKESRÅDMANNEN
Kulturavdelinga

Norconsult AS att. Kristin H. Stokka
Postboks 626

1303 SANDVIKA

16.01.2019

Dykkar ref.: 5187782

Saksbehandlar: Angunn Skeiseid
Direkte telefon: 51 51 69 32

Saksnr. 18/30364
Løpenr. 3778/19
Dok.nr: 4
Arkivnr. FR-RB KAR Søndre

Våge

KARMØY KOMMUNE - GBNR. GNR 89/2,3 OG 84/5 - DETALJREGULERING FOR SØNDRE VÅGE - VARSEL OM OPPSTART. UTTALE ETTER SYNFARING

Fylkesrådmannen viser til varsel om oppstart av detaljregulering for Søndre Våge i Karmøy kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utviding av eksisterande massetak, samt å tilbakeføre massar opp mot opphaveleg terrengnivå og dekke til med topplag, slik at areala kan brukast i landbrukssamanheng. Området er uregulert og ligg i gjeldande kommuneplan for Karmøy inne som LNF-område.

Fylkesrådmannen, ved seksjon for kulturarv, har vurdert planen og forholdet til automatisk freda kulturminne. Synfaring i området vart gjort 11.01.2019.

Ut frå vurdering av kart og flyfoto, søk i digitale kulturminnedatabasar, og på bakgrunn av resultatet av synfaringa, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Vi har på den bakgrunn ingen merknader til tiltaket, utover at ein under opparbeidinga av området prøver å unngå inngrep i /skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m, samt gjer inngrepa i terrenget så små som mogleg.

Fylkesrådmannen vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Med helsing
Seksjon for kulturarv

Jan G. Auestad
fylkeskonservator

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi: Fylkesmannen i Rogaland
Karmøy kommune

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje signatur.

POSTADRESSE	BESØKSADRESSE	TELEFON	ORGANISASJONSNR.	BANKGIRO: 3201.05.50520
Postboks 130 Sentrum 4001 STAVANGER	Arkitekt Eckhoffsgt. 1 STAVANGER	51 51 66 00	971045698	

E-POST: firmapost@rogfk.no

INTERNETT: www.rogfk.no